

# Protokoll frå ekstraordinært årsmøte Hafslø IL

## 24.september 2020

Møtet starta kl.20.00.

Medlemer tilstades: 16

### Opning

- Velkomen ved leiar Ove Midtbø

### Godkjenning av innkalling

- Godkjent

### Godkjenning av saksliste

- Godkjent

### Val av møteleiar og skrivar

- Møteleiar: Ove Midtbø
- Skrivar: Kari Merete Henjum

### Val av to medlemmar til å skriva under møteboka

- Geir Afdal
- Nina Cirotzki

Møteleiar gjekk i gjennom bakgrunnen for innkallinga til det ekstraordinære årsmøtet, og sakene som skulle handsamast. Saksdokumenta som var publisert i forkant av møtet på heimesida til Hafslø IL vart gått igjennom.

Jon Ove Lomheim orienterte om plassering av planlagde anlegg og prosessen vidare.

### Handsaming av saker:

Møteleiar presiserte at følgjande saker skulle handsamast på det ekstraordinære årsmøtet:

1. Endre gjeldande anleggsplan for 2019-2022, der Hafslø IL står som søker om spelemidlar for anlegga K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar ved Sogn Skisenter.
2. Tilleggsfinansiering som følge av endra plassering av anlegga. Dette gjeld primært ekstra kostnader til skitau og lysanlegg, jf. oppdatert kostnadsoverslag. Tilleggsfinansieringa utgjer kr.100.000,-.
3. Godkjenne driftsavtale mellom Hafslø IL og Sogn Skisenter for hoppanlegga K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar i gjeldande reguleringsplan.

# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



**Merknad:** Jon Ove Lomheim og Lars Olav Halleråker meldte seg ugilde til handsaming av sak under punkt 3 på grunn av at dei er medlemer av styret i Sogn Skisenter AS.

Det vart opna for spørsmål og innspel til punkta i sakene ovanfor før røysting.

- Punkt 1:
  - Eventuelle endringar vert lagt inn som tilleggstekst i gjeldande anleggsplan.
  - Dersom skitauet er eit eige anlegg (ikkje nærmiljøanlegg) må det inn i anleggsplanen – og dermed prioriterast?
  - **Svar:** Skitauet kan ikkje koplast til verken K10 eller K19, men må knyttast til eit ordinært anlegg, dvs K45. Skitauet er ein fasilitet, men må knyttast til godkjent anlegg i den kommunale planen dvs K45. Men å sende inn spelemiddelsøknad for skitau knytt opp til anleggsnummer for K45( som fasilitet for både K10, K19 og K45), vil ikkje vere forpliktande når det gjeld realisering av K45 på eit seinare tidspunkt. Etablering av K45 krev eiga handsaming, og dette bør presiserast i vedtaket dersom det ekstraordinære årsmøtet godkjenner punkt 1.
  - Lysanlegget er ein fasilitet som kan koplast til nærmiljøanlegga K10 og K19.
- Punkt 2:
  - IL Bjørn har også eit vedtak om finansiering av K10 og K19. Korleis kan ein vera sikre på at dette vedtaket står seg? Innspel om at det vert presisert i protokollen at tilleggsfinansiering føreset at IL Bjørn betalar inn sin del av finansieringa før Hafslø IL innbetalar tilleggsfinansiering.
  - Jon Ove Lomheim har gitt melding til idrettslaga om innbetaling av midlar til anleggskontoar for K10 og K19 i tråd med tidlegare årsmøtevedtak innan 1. oktober 2020.
- Punkt 3:
  - Kontroll og godkjenning av skitau, kan det gjerast i samband med resten av anlegget til Sogn Skisenter? Bør dette presiserast i driftsavtalen rundt kostnader til drift?
  - Skitau er rimelegare å drifta enn skitrekk
  - Som sokjar og byggherre må Hafslø IL pårekne gebyr og forsikring av skitau.
  - Driftsavtala med Sogn Skisenter må evaluerast etterkvart som driftskostnader mm kjem på plass. Utgifter til drift må handsamast på vanleg måte i framtidige budsjett for Hafslø IL.

## Røysting og vedtak etter innspel og spørsmål:

**Punkt 1: Einstemmig vedteke av ekstraordinært årsmøte med presisering at etablering av K45 krev eiga handsaming seinare.**

**Punkt 2: Einstemming vedteke av ekstraordinært årsmøte med følgjande presisering:  
Tilleggsfinansiering med kr.100.000 vert innbetalt til anleggskonto under føresetnad om at IL Bjørn innbetalar sin vedteken del av finansieringa med kr.100.000.**

# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



**Punkt 3: Einstemmig vedteke av det ekstraordinære årsmøtet med følgjande presisering:**  
Godkjenner at styret i Hafslø IL inngår driftsavtale med Sogn Skisenter i tråd med utkastet som var lagt fram før årsmøtet med mandat til å kunne gjøre mindre justeringar i innhaldet.

Møtet heva kl.21.

Underteikna protokoll:

  
Geir Afdal

  
Nina Cirotzki

(

Luster Sparebank 

 Avery  
DENNISON NTP

 INTERSPORT  
SOWNDAL